



Hardangerrådet iks



Hardanger

Hordaland fylkeskommune
v/utval for opplæring og helse
Postboks 7900
5020 BERGEN

Uttale frå Hardangerrådet vedr. flytting av undervisningstilbod “deltid gartner” frå Hjeltnes til Voss vidaregåande skule.

Hardangerrådet vil i samband med intensjonen om å flytta undervisningstilbodet “deltid gartner” gje støtteuttale til å halda fram med dette undervisningstilbodet ved Hjeltnes og ikkje flytta det til Voss vgs. Hardangerrådet grunngjev støtten til å vidareføra undervisningstilbodet ved Hjeltnes med følgjande argument:

- Prosessen i framkant av konklusjonen har ikkje involvert fagmiljø som fruktdyrkarmiljøet og undervisningspersonell ved Hjeltnes på ein god måte.
- Tilretteleggjinga for den praktiske delen av opplæringa vil vera langt betre ved Hjeltnes enn ved Voss vgs. I Ulvik og Hardanger finn ein det beste fagmiljøet for å kunne gjennomføra praktiske øvingar innanfor denne utdanninga. Ei god praktisk forståing saman med god teori vil vera avgjerande for kvaliteten i denne utdanninga. Ved Hjeltnes finn ein eit anlegg som er skreddarsydd for den praktiske delen av undervisninga. Det lokale fagmiljøet innanfor fruktdyrking som ein finn i Ulvik gjev uvurderleg kunnskapstilgang for undervisninga.
- Dersom det faglege tilbodet og tilretteleggjinga vert svekka så vil ikkje vaksengartnerstilbodet vera så attraktivt lenger. Hjeltnes har opplevd stigande søkjartal, noko som er ei direkte tilbakemelding om korleis kvalitet og tilrettelegging vert vurdert av søkjarmassen. I motsett fall vil ein ved redusert søkjartal og evt. bortfall av vaksengartnerstilbodet stå att med ein tapar: Næringa i Hardanger og Sogn.
- Utviklinga i siderproduksjonen som vi no ser i Ulvik og Hardanger elles vil med vidareføring av kompetanse frå Hjeltnes kunne vekse vidare og verta ein berebjelke i fruktproduksjonsmiljøet framover.
- Utviklinga av vaksenopplæringsmodellen for gartnerfaget må skje ved Hjeltnes der vi no ser auke i søkjartal og tilhøva ligg svært godt tilrette for å halda fram med dette undervisningstilbodet.
- Koblinga mot undervisningstilbodet “Lokal matkultur” er svært viktig og gjev studentane god kunnskap i vidareforedling av lokale frukt- og bærprodukt. Denne undervisninga krev at ein er “tett på” det eksisterande fruktdyrkarmiljøet.
- Samlokalisering og kort avstand mellom ulike tilbod som planteskule, gartneri og drivhus med eit mangfald av vekster gjev området på Hjeltnes unike kvalitetar. Dette medverkar til å gje utdanninga ei ekstra dimensjon som aukar det faglege nivået på utdanninga.

Kinsarvik 30.04.2019

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt